# NORGESVEIEN

BERGEN-HARDANGER- HALLINGDAL-OSLO

7

# INNSPEL
# SAMFERDSELSDEPARTEMENT
# NASJONAL TRANSPORTPLAN
# 2014-2023

## HARDANGERVIDDA
## FV7 GRANVIN-TRENGEREID
## FERGE KINSARVIK-KVANDAL

# Norgesveien Die norwegische Straße

Norway Road

**Bergen - Hardangerfjorden -**

**Hardangervidda - Hallingdal - Oslo**

## HARDANGERVIDDA

### Vegtrasè :

**I den føreståande konseptutgreiing (KVU) for Rv 7 Hardangervidda bør det konkluderast med at noverande dagline bør opprethaldast og forbetrast med dei framlagde planar til Statens vegvesen frå 2006**




Figur 1 Tunnelalt

**Sidan Rv 7 vart vedteken vinterbrøytt i 1985 har dette medført store forandringar for næring og turistar**
**Dagens Rv 7 gir mogelegheiter for god tilkommst til nordauropas høgste høgfjellsplatå.**
**Ei av dei få høgfjellsvegene som er igjenn i Noreg òg med så stor opplevingsverdi, spesielt vinterstid.**
**Ein veg som er viktig for Hardanger vinter og vår**
***Brøyting må forbetrast og brøyteutstyr bør fornyast med fleire og sterkare fresar og trakkemaskiner til nedflating av brøytekantarUtførdselen av kontraktørane bør forbetrast***
***Utfresing og nedflating gir mindre føyka for småbilar og lettare kryssing for reinsdyr***
***Dette er medteke i FYLKESDELPLAN FOR HARDANGERVIDD men vert dessverre ikkje påakta av Statens vegvesen i avtaler om vinteropen veg.***
***Kolonnekøyring, spesielt etter ei stormbyge, kan reduserast mykje med betre utstyr.Med fleire fresar kan vegbanen få full vegbreidde raskare***
***Kolonnekjøyring /venting på kolonne mellom Haugastøl og Leiro kan reduserast med betre tilrettelegging***
***Ein brøytestasjon på Halne.***
***For vinteren 2013/14 med Hardangerbrua vil dette verta krava til ope veg***

### Fv 7 Granvin-Trengereid

***Med dagens klassifisering vert mykje av trafikken teken bort frå vegen langs Hardangerfjorden***

**Fv klassifisering gjev ikkje same status på kart som Rv. Ikkje vert vegen medteken på kart heller.**
**Reiseliv vert frå alle hold påpeika som den viktigaste næring for Hardanger og at Hardanger er noko av den vakraste oppleving me kan by på**
**Men det er uforståeleg at Fylket og Samferdselsdepartementet ikkje viser større interesse for Hardangerregionen enn å fjerna Rv7 som riksveg**
**Med dagens manglede grønne skilt vert reiselivet i stor mon ført vekk frå Hardangerfjorden**

**Turistveg åleine er ikkje nok til at hovedtyngda av bilturistar kjøyrer denne vegen ut òg Rv klassifisering(grønne skilt )**

## Ferge Kinsarvik-Kvandal



**M/F " TYSNES " 42 år gamal og utan å tilfredstilla framsette krav for dagens ferjemateriell ,tilgjengelegheit for funksjonshemma og salong med servering oppå bildekket**
**Kapasitet:4 bussar og 250 passasjerar.**

**Ved konkurranseutsetjinga av ferjedrift i Hardanger-pakke Hardanger for 2010 vart det framsett krav frå kommunane om at ferja i ruta Kinsarvik – Utne-Kvandal måtte verta oppgradert i samsvar med kommunale krav om ei ferje og som tilfredstillar utforming for ei "CRUISEFERJE"**
**Hardangerfjorden og Hardanger vert omtala som noko av det beste i Norsk fjordlandskap der det og bur folk**
**Fylkeskommunen rosar det unike ved Hardanger utan å leggja til rette for reiselivet.**

**I tillegg til Hardangerbrua og Jondalstunellen vil denne unike ferjestreknigen gje reiselivet i Hardanger ein stor vekst.Dei fleste turistane i Hardanger reiser rundt i eigen bil og treng eit fjjordcruise der de kan ta bilen med seg**

NORGESVEIEN

BERGEN-HARDANGER- HALLINGDAL-OSLO

# Hardangervidda , Auka brøytebudsjettet,Trasè , Brøyting Fv7 Granvin-Trengereid omklassifisering til Rv7 Fergestandard Kinsarvik-Utne-Kvanal

**Disse innspela er det viktig å ta med i Regional Transportplan Hordaland 2013-2024**